

# SAK OM FINNESGODSET (1350 – 1352)

## INNLEIING

Voss hausten 1349: Svartedauden herjar og legg gard og grenn aude. På Finne døyr jordeigar Eirik Erlendsson Bukk<sup>1</sup> og alle i hans nærmeste familie. Kven skal no styra eigedomane på Voss og i Hardanger? Ingebjørg Simonsdotter, åleinemor til vesle Elin, reiser sak i 1350 og krev arveretten til Finnesgodset på vegne av den nyfødde dottera si.

I medhald av Landslova av 1274 hadde Ingebjørg rett til å setja fram krav og rett til sjølv å føra sak på dottera sine vegne. Ho nytta si tids moderne lovverk og vann fram med kravet sitt mot storbonden Hallstein Josteinsson frå Saue på det viktigaste punktet.

Me kjenner ikkje premissane i lagmannsdommen som omhandla spørsmålet om sjølve arveretten då dette dokumentet tykkjест vera tapt. Men dommen fordra eit rettsleg etterspel i august 1350 der seks oppnemnde lagrettemenn skal fastsetja erstatning til den tapande parten, Hallstein Josteinsson, og føreta taksering av ei stor mengd lausøyre<sup>2</sup> som vert tildømt Elin Vilhjalmsdotter. I desse to sakene refererer lagrettemennene sentrale punkt i den tapte lagmannsdommen. Det framgår her at Elin ved dom er arving til Finnesgodset etter borna til Eirik Bukk og at Hallstein skal ha erstatning for tilsynet han har hatt med Finnesgodset i ei særskilte vanskeleg tid.

Rettsprosessen over to dagar i 1350 starta truleg med synfaring på Saue på sørssida av Vangsvatnet onsdag 4 august (midvikedagen) og heldt så fram fredag 6 august i Finnesloftet på Voss. I den kanskje vanskelegaste stunda i Noregs historie var partane samla her til ein forbausande kompetent rettsprosess. Prosessen heldt fram i 1351 og 1352 og resulterte i seks rettsdokument som er attgjevne nedanfor i Andreas Leiro si omsetjing til nynorsk<sup>3</sup>.

Tysdag 6 august 2024 inviterer me alle interesserte til ny samling i Finnesloftet for å få saka kommentert og analysert av vår tids fremste ekspert på Magnus Lagabøtes Landslov.

[ Knut Finne, 28.02.24]

1. Også nemnd som Eirik Bonde.

2. «Skiftet etter Eirik Bukk på Finnen», Grieg Sigurd, 1934.

3. «Mellomalderbrev frå Vossabygdene», Andreas Leiro, 1964. (Brev nr 5 manglar omsetjing til nynorsk).

1. **6. august 1350.** [Voss]

Til alle dei menn som ser eller høyrer dette brevet, sender Halldor Olavsson, Arnfinn Duksson, Askell Øysteinsson, Vemund Sigurdsson, Besse Toresson og Eilif Sigurdsson Guds og si helsing. Me vil gjera kjent for dykk at midvikedagen næst etter den seinare Olavsvaka\* og fredagen næst etter i 31. året av styringstida åt vår vyrdelege herre Magnus, med Guds nåde Noregs, Svia og Skåne konge, var me særskilt oppnemnde til å granska Finnegodset, på den eine sida på vegne av Hallstein Josteinsson og på den andre sida på vegne av Ingebjørg Simonsdotter med fullmakt for barnet, halvparten (av oss) på kvar sida. Hallstein og førenemnde Ingebjørg handtokst so på at dei skulle ha og halda det som me fastsette på deira vegne som slik var oppnemnde som no er sagt, og etter det som Hallstein hadde tapt soleis som det er sett opp brev om og som segla våre er sette under. Deretter granska me nøyde Hallstein Josteinssons skade, kva han hadde tapt av sitt gods for det at han hadde røkta Finnegodset, soleis som brevet til lagmannen vitnar at Hallstein skal ha for røkt og styring av Finnegodset slik at jorda åt Hallstein Josteinsson av den grunn låg øyde. Og me visste at han hadde fått 12 månadsmatbol i førnemnde jord Honve. I staden for det fastsette me at han skulle ha avlingen av 12,5 månadsmatbol av jord på Seim som høyrde til Finne eitt år. Hallstein skulle og leggja tilbake 12 såld korn for fræt i førnemnde jord som heiter Seim. Sameleis for den jorda som ofte nemnde Hallstein og far hans alltid hadde ått og budd på, 15 månadsmatbol, og som heiter Saue, og dette året låg øyde av same grunn, gav me ofte nemnte Hallstein til betaling 8 kyrlag av Finnegodset for åkeren, og for strevet og styring som han meintest ha, 8 kyrlag, og ein kjel attpå let me han få. Like eins rekna Hallstein på kva han måtte unnvera av arbeidsfolk for sitt eige gods, dei var det ilt om. Det rekna han til 13 laupar. Me samtykte i at Hallstein skulle ha det av Finnegodset. Me såg det ikkje sannare for Gud og menneske. Me gjorde ikkje dette av hat til ervingen åt Eirik bonde og ikkje av venskap med Hallstein. Me sette 3 dagar for betaling til Hallstein, fyrste dagen ved krossmess \*, den andre ved Marteinsmess\*, og alt skal vera betalt til næste jol. Og til vitnesburd om dette sette me før nemnde menn segla våre under dette brevet som var gjort dagen og året som før er sagt.

\* Den seinare Olavsvaka: 3.august. Krossmess: 3 mai om våren, 14 september om hausten. Marteinsmess: 11 november

2. **6.august 1350** Voss.

Til alle dei menn som ser eller høyrer dette brevet, sender Haldor Olavsson, Askell Øysteinsson, Vemund Sigurdsson, Anfinn Halldorsson, Besse Toresson og Eilif Sigurdsson Guds og si helsing. Me vil gjera kjent for dykk at midvekedagen næst etter den seinare Olavsvaka og fredagen næst etter i 31. året av styringstida åt vår vyrdelege herre Magnus, med Guds nåde Noregs, Svia og Skåne konge, var me serskilt oppnemnde på vegne av Hallstein Josteinsson, halvparten av oss, og den andre halvparten på vegne av Ingebjørg Simonsdotter i ombod for barnet sitt som etter dom var erving til borna åt Eirik Bukk på Finne, den fornemnde Eirik bonde. Barnet vart tildømt sengputer, linlakan og sengklede for 6 kyrlag, eit teppe og eit åklede for 2 kyrlag, ei omhengsborda for  $\frac{1}{2}$  kyrlag, ein barnekvitel og eit slite handklede for 2 laupar, ei kåpa og ei hetta for 4 laupar, benkekledde og benkedyner for  $2\frac{1}{2}$  kyrlag...., nokre øyredobbar for 5 laupar, tre horn og 2 matknivar og ei vektskål med lodd for  $4\frac{1}{2}$  kyrlag, 4 kister for 4 kyrlag, 6 breidøksar for 6 kyr, 7 spjot for  $2\frac{1}{2}$  kyrlag, 4 sverd og eit sverd av anna slag og dertil ein skjold for 4 kyrlag, ein annan skjold for 1 kyrlag, ein skjold og ein av eit anna slag for 1 laup, eit gammalt lerpanser 2 laupar, 4 stålhuver og ein jernhatt og ein hjelm med visir for 7 laupar, 6 bondeskjoldar og ein buklar, (liten rund skjold) for 3 kyr, og i to loft tjeld (åklede) for 10 kyrlag, 2 manns-salar og ein kvinnesal med beitl og bunad for  $2\frac{1}{2}$  kyrlag, selety for øyker og 3 snidlar for  $1\frac{1}{2}$  kyrlag, navrar, øksar og sigdar og allslags smideutstyr som høver til å ha for bønder for 3 kyrlag, 2 vaskefat og 2 vass-skåler for 1 kyrlag, 2 gryter, 1 pundar for 1 kyrlag, 2 skippundbismarar for  $1\frac{1}{2}$  kyrlag, 3 bryggjekjelar for 8 kyrlag, 1 gylt diadem som er verdt 13 aurar, 1 sylgja, verd  $1\frac{1}{2}$  øyre, 1 fingerring, verd 5 penningar vegne, 2 ugylte spenne, verde 5 ortogar, 1 perleband for  $\frac{1}{2}$  kyrlag, eit pryda bordkjer, verd  $\frac{1}{2}$  ertog, eit fat til  $12\frac{1}{2}$  øyre. Det var endå mangt som ikkje var verdsett, både buskap og hestar og mykje anna.

Og til sant prov på dette sette me fornemnde menn segla våre under dette brevet som var gjort dagen og året som før er sagt.

DN I nr. 325.

3. **3.juni. 1351**

[Voss]

Til alle dei menn som ser eller høyrer dette brevet, sender Erling Rott, Hallvard Gudbrandsson og Sigurd Hallvardsson Guds og si helsing. Me vil kunngjera for dykk at i 32. året av styringstida åt vår vyrdelege Magnus, Noregs, Svia og Skåne konge, kom Hallstein Josteinson og Ingebjørg Simonsdotter på vegne av barnet (sitt) til stemne med oss. Hallstein førde då fram stemnevitna sine, som heiter slik: Torgeir Einarsson og Svein Sigurdsson. Dei la handa på boka og svor full eid på , at dei var til stades og høyrde på fredagen næst fyre helgatorsdag på Finne på Voss i Vangssokna, at ofte nemnde Hallstein stemnde fornemnde Ingebjørg til lagtinget for Gulatingslagmannen og andre gode menn, for å svara han etter lov og rett for den domen som var dømd året i fjor, at han skulle ha av Finnegodset for strevet sitt og for styring av det, og for andre klagemål og søksmål, som Hallstein ville leggja fram for henne. Dei tok og det med i eiden sin, at den tids nemnde Hallstein i same stemning baud henne møta på Vangen fredagen fyre kvitsunn og lyda på stemnevitna hans til innstemning for lagmannen. Og til vitnesburd om dette sette me segla våre under dette brevet som var gjort dagen og året som før er sagt.

4. **August 1351**

Bergen.

Til alle dei menn som ser eller høyrer dette brevet, sender Torstein Jonsson, Gulatingslagmann i Bergen, Guds og si helsing, gjerande kjent at i 32. året i styringstida åt min vyrdelege herre Magnus, med Guds nåde Noregs, Svia og Skånes konge møtte på Gulatinget i steinstova i kongsgarden i Bergen for meg, på den eine sida Hallstein Josteinsson og på den andre sida Ingebjørg Simonsdotter, på vegne av barnet sitt, lovleg dit stemnd etter det som dette brevet som er fest ved, vitnar. Deretter klaga Hallstein på Ingebjørg, at ho ville ikkje halda den domen som var dømd etter lagmannens orskurd, at Hallstein skulle ha for strevet sitt og kostnaden som han hadde hatt med (å styra) Finnegodset, og viste fram eit brev som var gjort om det med gode menns segl under. Til det svara Ingebjørg at Hallstein endå ikkje hadde gjeve frå seg til henne fullt ut Finnegodset slik som eg før hadde gjeve orskurd om. Og av di at Hallstein viste meg brevet med gode menns segl under, at han har overlate til Ingebjørg so mykje av fornemnde godset.....som der er sagt, og dersom det var noko som vanta av det som Hallstein har teke imot, so var min orskurd or lova slik, at han skal gjeva det frå seg fullt ut med grei rekneskap slik som han vil sanna med sin eid; men det som står ute og han ikkje har teke inn, skal han la henne vita og seia frå kvar det er, etter det han veit. Men når det gjeld dei gåvene som han seier er gjevne til kona hans, då skal han syna med truverdige vitne at dei er gjevne, og då skal gåvene stå der dei er komne. Elles skal han leggja dei tilbake etter det som før er sagt. Dermed sa eg fornemnde dom om kostnaden og strevet som Hallstein hadde hatt, vera lovleg. Difor skal Ingebjørg i ombodet åt barnet sitt betala Hallstein greidleg, slik som brevet som er gjort om det og før er nemnt, vitnar.

Og til stadfesting på det sette eg seglet mitt under dette brevet som var gjort i Bergen i det året som før er sagt.

5. **17 September 1351** Vossevangen.

Ollum monnum þæim sæm þetta bref sea æda høyra [senda Erlinger] rotter Anfinner Haldorsson Jorunder [. . . . . ok Besse] Þóresson q. g. ok sina. Wer wilum yðr kunnikt g[era. at] þar warom wer j hia j prest ga[rdenom] a Vange a Wos laugardagen nestan eftir kross messo a þrettanda are ok xx rikis wars wirduleghs herra herra Magnusar Noregħs Sya ok Skane konongs er Halstein Josteinsson tok so bok i hond ser ok suorr þar at fullan [eid] firir Finnins goz a høyrande ok firir stefdri Jngiborgu Simunar dottor j vmbode barns sins at han hafdi þa afhent allt þat er han wi[der] tok wttan ko . . . . æ han n . . . . medr þarfsamlego profwe hwarke . . . hafande fyrsegdu godze hosor ne sko laghde han so m[ykit] wndir . . . . [sem] til sex laupa at [þ]at were þo at han wissi eigi ok til sanenda he[r] wm sett]um wer waar jnsighli firir þetta bref er gort war a [dæghi ok] are sem fyrsegir.

**Sammendrag:**

Fire Maend kundgjöre, at *Halstein Josteinsson* i *Ingeborg Simonsdatters* Paahör aflagde sin Ed paa, at han havde afgivet alt hvad han havde modtaget af *Finnens Gods*.

DN I nr. 330.

6. **9. juni 1352.**

Vossevangen.

Til alle dei menn som ser eller høyrer dette brevet, sender Erling Rott og Besse Toresson Guds og si helsing. Me vil gjera kjent for dykk at laurdagen næst etter corporis Christi \*), kom til oss og mange andre gode menn på Vangen, Hallstein Josteinsson på sine vegne og Gunnar Kolbeinsson med fullmakt for kona si. Då spurde Hallstein fornemnde Gunnar Kolbeinsson: Vedgår du det, at eg kom i går til Finne og kravde deg og kona di for det de skuldar meg etter det eg vart tildømd og dei utrekningar som lagmannen tilsa meg av Finnegodset? Det vedgår eg visseleg, sa Gunnar. Vedgår du at eg stemnde deg for Gulatingslagmannen med ein halv månads frist fredagen næst etter dagen i dag, og at du er komen hit for å høyra stemnevitra mine i dag, og svara meg etter lov og rett på alt det som eg har å krevja deg for? Dette vedgjekk før omtala Gunnar. Og til vitnesburd om dette sette me segla våre under dette brevet, som var gjort den dagen som før er sagt, i 33. året i styringstida åt vår vyrdelege herre Magnus, Noregs, Svia og Skåne konge.

\*) 2.torsdag etter pinse